

Vår ref.:
25/01837-2

Dato:
17.02.25

Referat frå IDF-møte 05.02.2025

Til stades:

Organisasjonane

Tone Skjerdal, NTL/LO stat

Gjert Anders Askevold, Forskerforbundet

Jan Ove Rogde Mjånes, Akademikerne

Karl Eric Melander, Parat/YS stat

Karin Bell Hovudverneombod

Arbeidsgjevar

Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør

Anette Fristad, Avdelingsleiar AHR

Wenche Fjørtoft, Seniorrådgjevar AHR referent

Sak 1/25: Informasjon frå tillitsvalde

Tekna: Jan Ove Rogde Mjånes er blitt vald som nestleiar i Tekna Stat, og går også inn i lønsinteresseutvalet til Tekna stat. Generelt er det mykje aktivitet: Lønsforhandlingar tar mykje av tida. Det er ein del støtte i saker og opplever at arbeidsmiljøet er litt pressa

Forskerforbundet: Lønnsoppgjret tek tid. Det er viktig med kommunikasjon, og å kunne sjå enkeltpersonar i ein travel kvardag og arbeidet som er gjort. Det er lett å gå glipp av. Sakene er knytt til nedtrekk og nedprioritering, og opplever at det er ein god del trykk på omstillingssakene ved nokre einingar.

Det er engasjement om lokaldemokratiet.

Ein opplever også nedlegging av kurs som bør drøftast med tillitsvalde.

NTL: Lønsforhandlingane er gjennomført og vi skal gjennomføre evalueringssmøte og ber om at det blir tidfesta. Personalsaker opplevast å gå i bølger. Nedgang i tal tilsette blir opplevd ulikt frå eining til eining, og nokre einingar kjenner på utfordringane, medan andre einingar har det greitt.

Parat: Er lik situasjon som NTL. Har fått tilbakemeldingar på medlemsmøte om oppgåvetildelingar mellom anna.

Sak 2/25 Informasjon frå Hovudverneombod

HVO støttar tillitsvalde i at det er arbeidsmiljøutfordringar nokre stader. HVO skal hovudsakeleg ikkje vere involverte i enkeltsaker der det gjeld enkeltpersonar, men vere meir involverte der det gjeld heile arbeidsmiljø. Har gjennomført evaluering av samarbeidet mellom arbeidsgjevar og vernetenesta. Ein prøver å utvikle vernetenesta ved at verneomboda treng større fagleg engasjement for enkeltsaker. Verneomboda skal bli meir spesialiserte innanfor eitt område, som vil krevje noko kursverksemd for nokon. Ei arbeidsgruppe skal sjå på ei mogleg omorganisering av vernetenesta. Det vert jobba med HMS-handlingsplan. HVO gjennomfører rundtur til dei fire campusane ein ikkje jobbar til dagleg på.

Sak 3/25 Informasjon frå Arbeidsgjevar:

Det har vore jobba med styresaker og lønnsforhandlingar. Organisasjonen held på å avslutte rekneskapsåret 2024, og i marsmøtet til styret vil budsjettet for 2025 bli vedteke. FHS og FLKI jobbar med problemstillingar mot dei nye åremåla. Det vert arbeidd med langsiktig planlegging og strategisk utvikling av studieporteføljane i fakulteta. Artemis gir moglegheiter til å utnytte kapasitet og erfaring ved andre høgskular og universitet i alliansen når det gjeld å utvikle digitale system.

Avdeling for HR: Det vert jobba med ARK og handlingsplanar. Det blir viktig å jobbe godt med saker som gjeld mobbing og trakassering. Vi må jobbe systematisk med arbeidsmiljøet vårt.

Vi arbeider òg med ei ny basisopplæring som også inneheld konflikthandtering og sjukefråvær.

Sak 4/25 Starta og slutta i HVL

Ingen kommentar.

Sak 5/25 Livsfasepolitikk ved Høgskulen på Vestlandet.

Arbeidsgjevar: Det er lagt ut dokument i Teams.

Dette er ei sak som tillitsvalde meldte til AMU, som AMU handsama. Livsfasepolitikk ein viktig del av personalpolitikken. Vi bygger vår personalpolitikk på statens personalpolitikk. Det er veldig mange ordningar som eksisterer og vi kan samle informasjonen på ein meir strukturert måte.

Kva treng leiarane og dei tilsette for å bruke handlingsrommet som ligg i statens personalpolitikk? Det dreier mellom anna om tiltak knytt til dei ulike livsfasane.

Tillitsvalde: Det er ulike livsfasar gjennom eit arbeidsliv. Ting må tilpassast. Hovudpoenget er at HVL må vere ein arbeidsplass som er god for alle livsfasar. Det er eit stort handlingsrom i staten. Men viss du ikkje veit kva du kunne hatt moglegheit for, så leitar du heller ikkje etter det.

Vi kan vere spesifikke i forhold til kva vi meiner skal vere på HVL, som generelle retningslinjer for kva vi gir av rammer for tilsette i forskjellige livsfasar.

Arbeidsgjevar: Vi ønskjer at tilsette skal finne fram i informasjonen som finst og ha eit dokument som er lett tilgjengeleg i ulike samanhengar.

Kort oppsummert så er det eit ønske om at vi skal jobbe med å utvikle ein personalpolitikk, og vi kan begynne å sette ned ei arbeidsgruppe som jobbar med dette.

Sak 6/25 Modell for omfordeling av basisfinansiering

Arbeidsgjevar orienterte om arbeidet med omfordeling av basisfinansiering (fordeling av midlane HVL får frå Kunnskapsdepartementet):

Det er etablert ei arbeidsgruppe og ei styringsgruppe som har jobba med dette og det er no ute til innspel, der organisasjonane òg spelar inn. Det er ei vidareføring av arbeidet med rammefordelingsmodellen. Det er innspelsfrist til 18.februar.

Vi har sett på korleis andre har gjort det som NTNU, men vi har laga vår eigen modell.

Vi foreslår at studiepengeproduksjon blir sett i forhold til finansierte studieplassar frå KD. Vi har kontroll på studieplassane våre, og derfor bruker vi studieplassar og basis som modell.

Tillitsvalde stilte spørsmål til fordelinga mellom studium som er fastsett med ulike kategoriar.

Arbeidsgjevar: det har ein ikkje tatt stilling til enno. Men viss du må ta vekk basis frå eit studieprogram på ein campus, så tenker vi at det burde gå til eit fakultet som kan gi eit anna tilbod på same campus. Vi meiner campusdimensjonen må vere tydeleg.

Vi ønskjer innspel på om vi bør halde igjen noko til ein strategisk pott til utvikling av nye studietilbod. Dette blir sendt på høyring med høyringsfrist 18. februar.

Campusdimensjon vil bli diskutert i styreseminaret i mars med plan om sak i styret i april.

Sak 7/25 Ny UH-lov og tilhøyrande forskrift-Retningsliner ved HVL

Avdeling for HR presenterte saka:

- Departementet har sendt innstegsstillingar på høyring.
- Kompetansematrisa er ein del av det som skal på plass etter ny UH-lov. Prorektor for forskning leier arbeidet. Det er oppretta ei arbeidsgruppe der tillitsvalde deltek. Ein er i oppstartsfasen i arbeidet. Vi skal òg ha ei referansegruppe. Vi skal sjå på korleis andre i sektoren har gjort det. Arbeidet skal vere ferdig 12.6. Høyringa vil ha frist frist 14.3.

Tillitsvalde:

Viser til språkkrava: Innan tre år skal ein ha B2 i eit nordisk språk. Vi kunne hatt ein lokal variant som sa noko om kva vi gjer hos oss viss dette ikkje er oppfylt. Kva nye fristar får ein for å få dette på plass? Kva konsekvensar får det?

KD har sagt at viss ein ikkje har oppfylt krava, så har ein ikkje kompetansen som skal til for å drive undervisning. Ein del av førsteamanuensane våre som har eit anna språk enn norsk, vil slite med opprykk til professor viss dei ikkje har fullført språkkrevet. Dette er ei sak som det må gjerast ei individuell vurdering på i kvart enkelt tilfelle. Vi bør vurdere å lage meir konkrete retningslinjer. Per no har vi ikkje tatt stilling til det. Dei kan ha god nytte av å ha eit verktøy å støtte seg på.

HR: Er ein stipendiat, og det oppstår uførutsette hindringar knytt til arbeidet, kan ein søke om å få forlenga stipendiatperioden/tilsettingsperioden sin. Det skal vere knytt til uføresette hindringar knytt til arbeidet.

Saker som gjeld omsorgssituasjonar skal handsamast etter regelverk knytt til arbeidsmiljølova og vil ikkje ligge til UH-lova/tilhøyrande forskrift.

Sidan det er gjort den avgrensinga i regelverket, har vi foreslått ei endring i kor lenge ein kan få ei forlenging. Før var det vanlege å gje fire månader. Vi foreslår no tre månader, sidan den uføresette omsorgsbelastninga fall bort. Forlenging kan gjerast berre éin gong.

Pr. no har vi to forskjellige praksisar i høgskulen. Vi vil no få ei felles rutine som gjeld for alle fakulteta.

Sak 8/25 Registrering i Kompis

Arbeidsgjevar: Vi har rektorvedtak på at alle skal registrere kompetansen sin i Kompis. Vi har jobba ut ein plan for å informere om og implementere dette, korleis ta dette ut i organisasjonen, korleis påverke den enkelte som sit med hovudansvaret og korleis sette leiarane i stand til å vere gode medhjelparar. Vi står midt i arbeidet no og tillitsvalde si hjelp i dette er heilt sentralt.